

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Strandvik

Emne: Bryne

Bygdelag: Revnestrand

Oppskr. av: Kari Haga

Gard: Haga

(adresse): Baldersheim

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1 Her segjer me bryne (eit) og bryna læn. Heine (ein) er bryne av ein finare steinsort.
- 2 No brukast mest bryne av kunststein. Ein veit ikkje om at her i bygdi hadde vore fjerne brynestein. Når dei fyrr gjorde den åroisse byturen om varen vart bryno kjøpte. Der var "firsjælings" bryne som dei mest kalla "klampa" - klampe-bryne. Tre og firsjælings bryne var bette.
- 3 Alle bitarn vert fyrst slipte på slipestein og etterpå stråkne med bryne. Raketenivar vert berre kvessete på heine.
- 4 Eldre folk no kan berre minnst bruk av slipestein og bryne til kvessing av ljær. Men me har alle høyrk om at fyrr her kom slipesteinar banka dei berre ljæsaggi ut i sornia. Slik vart det også gjort med sigd. Det er uråd no å segga vist kva tid slipefå og slipestein kom i bruk. Men ein minner at det var ikkje ålmunt å ha slipesteina på gardane for kring 1840-1850 eller so. Men summe bruka likevel å banka ut ljæna i sornia so seint som 1880-85

I eldre tid var her smior mest på kvar gard, og kvar husbond banka sjölv ut sine lja på kaldste i smia. Men berre dugande smear laga slike lja.

5 Ein kjemur<sup>no</sup> ikkje til at liggande slipe- steina har vore brukte her. Men det er ikkje umogelegt likevel. For 40-50 år sia var det mykje bruket noko ein kalla senda (ei) sendstein. Summe sa og smergelstein. Den var kjøpt på kram- bui. Den var større og tykkare enn eit bryne. Ein brukar den likeins som bryne, ein gnidde den ei stund på kvar sida av ljaen, og strauk so med bryne etterpå.

6 Når der ikkje er meir bit i ljaden so vert han ikkje krass med berre bryning, og då lyt han slipsast.

7 Ein brukar berre eitt bryne. Fyrr var det og bruket å ha ei krestikka som dei strauk ljaen med etterpå brynet. Men det er no avleggs. Ein kalla den kvåtestikka (ei), og når ein brukar den kalla ein det å tikelekvettja - tikelekvettjing. Dei strauk den vekselvis på kvar sida av låseggi. Kvåtestikko var av barbind eller ask var flatsmidd med litt ründare handtak. Den var laga heima for bruken.

8 Dei fleste sliper med orvet på ljaden. Men summe tek ljaen av langorvet når dei sliper. Men ikkje alltid. Å halda ljaen mot eller frå seg når ein sliper er mest som ein lærer seg til med frå fyrst av.

- 3
- 9 Før bruke dei mest å ligge på ein kneet når du kvatte, la orvet langs etter marki, stødde ljåsodden med vinstre handi og kvatte med din høgre. No bruke dei meir å stå med dei kvate. Enden på langorvet står du då i marki. Stuttervet står ein millom knei.
- 10 Det ein ber bryne i kallast her dalkkvåtedalk. Før var dei alltid av tre, eit utorgrave askestykke helst, med ein jarnkrok i til å henge han etter. No brukast meir kvåtedalka av blekk.
- 11 I eldre tid nytta dei so vel alle ku og uksehorn til skeier, so det er lite trulegt du tok horn til slikt der eit trestykke kunde greia seg like godt.
- 12 Kvåtedalken heng du helst på høgre sida.
- 13 Ein bruke vatn til alslags bryne. Og ein veit ikkje om at det herikring har vore vis å bruke anna ein vatn til bryning.
- 14 Det som segg seg for ljåaggi når ein kvetter kalla me rjo, sume uttala det berre ro.
- 15 og 16 Ein veit ikkje no om at rjo har vore brukt som middel mot ringorm eller andre sjukdomar.
- 17 Har ikkje høyr<sup>t</sup> at bryne har vorte lagt i snaurna eller jord. Men slipesteina som er for harde legg ein gjerne i myrjord eit års tid eller to. Det vert sagt at du då skal verta mjukare og betre.
- 18 Ein sa med borni at kvåtestikko

4

sa: kvat - kvat, kvat - kvat. Og so  
skulde borni prøva segga kvat - kvat  
so fort som stikko slop.

Noko remser og regler til bryne kjemmer  
eg ikkje til.

1425

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING